

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 05.09.2018
Vår ref.: 201105857-13
Arkiv: 323
Dykkar dato: 12.07.2018
Dykkar ref.: 17/1065

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av Kommuneplanens arealdel 2018-2030 - Masfjorden kommune

Vi syner til brev datert 12.07.2018. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 for Masfjorden kommune.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Planen er generelt tung å sette seg inn i. Dette skuldast eit plankart med dårleg oppløysing, og ingen kartinformasjon utover arealbruksføremål og omsynssoner. Manglande høgdekurver og avmerking av vassdrag gjer det umogeleg for oss å orientere oss og vurdere planframlegget i høve til våre sektorinteresser. Plankartet manglar teiknforklaring. KU og ROS analyse synes i grove trekk oversikteleg og grei, men på grunn av det dårlege plankartet er det umogeleg å sjå korleis funn er ført vidare i planen. Det er til dømes umogeleg å sjå kva aktsemdkart for skredfare som er nytta som utgangspunkt for å avgrense omsynssoner for skred. På grunn av at planen er så vanskeleg tilgjengeleg må NVE ta generelt atterhald om å fremje motsegn til reguleringsplanar som følgjer opp kommuneplanen, og som strir mot [Nasjonale og vesentleg regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#).

NVE er generelt nøgd med at det er fastsett ei generell byggegrense mot vassdrag. Grensa er sett til 50 m, noko som i mange tilfelle vil vere nok for å sikre ålmenne interesser i og langs vassdrag, og tryggleik mot flaum og erosjon. Vi vil likevel oppmode kommunen om å vurdere større avstand mot vassdrag i urørde område, og i nedslagsfeltet til dei verna vassdraga i kommunen.

Av planskildringa går det fram at faresoner for skred er merka av i plankartet som omsynssoner H310 i område som er avsett til byggeområde, og LNF område med høve til spreidd utbygging. Som nemnd over er det umogeleg for oss å sjå korleis dette er gjort, og kva som kan vere grunnlaget for avgrensing av fareområda. NVE har utarbeidd rettleiingsmateriell som syner korleis ulike aktsemdkart for skredfare i bratt terreng kan nyttast saman. Vi minner og om at aktsemdkarta berre er eit utgangspunkt for

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

kommunen si vurdering av potensiell skredfare. Korleis kommunen kan, og bør gå fram, for å kartlegge potensiell skredfare går fram i ei [prosedyreskildring](#), og rapportmal 1 (link ligg i prosedyreskildringa).

Masfjorden kommune bør arbeide meir med potensiell flaumfare. Kommunen har nytta aktsemdkart for flaum til å avgrense omsynssone H320 Flaumfare. Aktsemdkart for flaum er ikkje eigna til å nytte direkte i plankartet slik som kommunen har gjort. Eit døme på det er H6 der planen no i praksis set krav om fagkyndig utgreiing av flaumfare ved utbygging 10 m over havnivå. Langs sjø må DSB sin temarettleiar [Havnivåstigning og stormflo](#) nyttast som utgangspunkt for å vurdere flaumfare. Langs elvar bør kommunen nytte opplysningar om maksimal vasstandsstiging, jf. rettleiaren [Flaumfare langs bekker](#) s. 13 pkt.1. Verdiane er automatisk tilgjengeleg i [NVE Atlas](#). Klikk på den farga streken i aktsemdkartet.

Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar, som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet. Vi ser at nokre av desse anlegga er innarbeidd i plankartet med omsynssoner, men langt frå alle. Masfjorden kommune må innarbeide og syne alle desse kraftleidningane i plankartet som omsynssone H740.

NVE vil rå Masfjorden kommune til å arbeide vidare med plankartet. Særleg vil vi legge vekt på at vassdraga må synleggjerast betre.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune